

Til  
Naboar og Høyringsinstansar

03.01.2020

## Varsel om oppstart av planarbeid

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 vert det med dette varsla at Akons AS, på oppdrag for Bjarthe Torsvik m.fl., set i gang arbeid med detaljregulering for del av Gnr./Bnr. 57/4 og 56/3 m.fl., Nedre Tråstølen i Voss herad.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for 6 fritidsbustader og parkering innanfor felt J3 i reguleringsplan for Bavallen- Tråstølen. Tilkomst vert frå Grevlestølen.

Varslingsområdet er om lag 15 dekar. I varsla område inngår og tilgrensande veg. Planområdet kan bli mindre enn varslingsområdet etter at vegløyisingar og anna er avklart.

Planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Spørsmål og innspel til planarbeidet kan sendast til:

Akons AS, pb. 21, 5207 Søfteland,

eller som e-post til: [even@akons.no](mailto:even@akons.no)

Varseldokumenta er og å finne på Voss herad si heimeside [www.voss.herad.no](http://www.voss.herad.no) under kunngjeringar, og i Servicetorget på Voss Tinghus.

Utfyllande opplysningar på [www.akons.no](http://www.akons.no)

FRIST FOR MERKNADER ER: 1.02.2020

Alle innspel og merknader vil følge planforslaget når det leverast til kommunen. Etter at merknadsfristen er ute vil sjølve planforslaget bli utarbeida, for deretter å bli sendt til Voss kommune for sakshandsaming.


Etter første gangs handsaming i kommunen blir planframlegget lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då bli anledning til å koma med merknader og innspel til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing



Even Akerø, Dagleg leiar Akons AS

Vedlagt kart over planområde og utsnitt frå reguleringsplan Bavallen- Tråstølen



**TEIKNFORKLARING**

**PBL. § 25. REGULERINGSFORMÅL**

**BYGGEOMRÅDE**  
(PBL. § 25, 1. ledd nr.1)

Fritidsbustader

**OFFENTLIGE FRILEGGINGSOMRÅDE**  
(PBL. § 25, 1. ledd nr.4)

Silkeveiparkering

**FAREOMRÅDE**  
(PBL. § 25, 1. ledd nr.5)

Hagependerkling

**SPECIALOMRÅDE**  
(PBL. § 25, 1. ledd nr.6)

Fritidsområde på and

Kommunalebeteik utvokst

Fritidsområde ved veg

Bevakning av bygging

Silkeveipergang

**FELLESOMRÅDE**  
(PBL. § 25, 1. ledd nr.7)

Felles grønnområde

Felles vegparkering

Felles parkeringsplass

Arbeid felles vegområde

Felles gangveg/forau

Plan gjelder del av 57/4 og 56/3 som er regulert i byggefelt J-3 innanfor reguleringsplan for Bavallen- Tråstølen.

Reguleringsplanen var vedtatt i Voss herad den 28.08.2008. Planen er delt inn i flere felt, og før utbygging kan ta til skal det utarbeidast utbyggingsplan.

Felt J3 er på ca. 11 daa, og var tenkt til 4 fritidsbustader. Ein planlegg no for 6 frittliggjande hytter.